

**Sakshandsamar:**

Tor Solheim  
E-post: tor.solheim@sfj.no  
Tlf: 57 72 51 30

**Vår ref.**

Sak nr.: 09/375-1  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

1252/09

**Dykkar ref.****Dato**

FØRDE, 23.01.2009

KUD  
Opplæringsavdelinga

Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

## HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2008:18: FAGOPPLÆRING FOR FRAMTIDA.

Styre for Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane har slikt innspel til høyringsbrev frå KUD datert 27.10.2008.

### Innleiande kommentar

Styre for Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane ser på innstillinga som eit velutforma dokument i samsvar med mandat. Kapittel 2 gjev eit presist samandrag og situasjonsanalysen i kap.3 er breispektra og djuptgåande. Det same gjeld framstillinga av grunnleggande utviklingstrekk som påverkar arbeidslivet i kapittel 4 og utleiing av konsekvensar for fag- og yrkesopplæringa i kap. 5. Kunnskapsdepartementet inviterar til uttale om dei 81 ulike forslag om tiltak i kap.6.

Styret for Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane ynskjer å kommentere tre av dei åtte områda det er bedt om vurdering og synspunkt på.

### 2) Utbygging av fagskuleutdanning som ein karriereveg for fagarbeidar, jf. utredninga sitt kap. 6.4

- satsing på fagskuleutdanninga og organisering av denne
- økt offentlig finansiering av fagskuleutdanninga

Styret er einig i dei 4 forslaga til tiltak innan ”Behov for meir spesialisert kunnskap”. Under tiltak 3 bør ”som hovedregel” strykast.

*- Utvalget foreslår at fagskuletilbud som er en spesialisering som bygger på et fag- eller svennebrev, som hovedregel skal gis offentlig finansiering*

Det vil i satsinga på fagskuleutdanninga vere nødvendig å vurdere om det er andre område enn dei tradisjonelle tekniske og maritime som har behov for utbygging. Helsedirektoratet har utarbeidd læreplanar som no er godkjende som fagskuletilbod. Dette er ein modell som kan vidareutviklast. Vi vil særleg nemne barne- og ungdomsarbeidarfaget som eit område med behov for fagskuletilbod.



### 3) Tiltak for å betre overgangar frå fag- og yrkesopplæringa til fagskuleutdanninga og høgre utdanning, jf. utredninga sitt kap. 6.4

- Utbygging av Y-veien til flere fagområder
- Sette ned aldersgrensen for realkompetansevurdering
- Alle som har fullført videregående er generelt studieforbereidte uavhengig av utdanningsprogram
- Rett til å ta kurs i fellesfag etter oppnådd fagbrev

Styret seier seg einig i utvalet sin uttale i pkt 6.4.1 s. 91

*”Det er viktig at de som søker en yrkesfaglig utdanning, ser at de har videre faglige utviklingsveier og karrieremuligheter etter endt fag- eller svennebrev. En utfordring for fagskolene framover er derfor å gjøre utdanningene kjent for potensielle søkere både på ungdomsskolenivå og på videregående opplærings nivå. For unge vil det være viktig å se at de har en videre karrierevei som er yrkesrettet, og dette kan virke positivt på rekrutteringen til yrkesfagene.”*

Styret meiner det må setjast fokus på arbeidet med å tilpasse overgangen frå fagskule til høgskule med å gi avkorting eller innpass for kompetanse i 2 årig fagskuleutdanning.

Styret er einig i at generell studiekompetanse vert teken bort og erstatta med at alle som har fullført vidaregåande er generelt studieforbereidte. Vidare at det vert tilbode eit kurs i fellesfag etter oppnådd fagbrev.

### 5) Tiltak for å betre kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa jf. Utredninga sitt kap.6.6

- Utvalgets prioritering av innsatsområder og videreutvikling av et nasjonalt kvalitetsvurderingssystem
- Økt bruk av tilsyn som grunnlag for kvalitetssikring av fag- og yrkesopplæringen
- Styrking av kompetansen og fag- og yrkesopplæringen hos Fylkesmannen

Styret seier seg einig i at læringsutbyte og gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa er hovudprioritering. Satsingsområde 1 : *Samarbeid mellom skule og bedrift* og satsingsområde 3 : *Lærar og instruktør sin kompetanse*, må sjåast i samanheng. Dette vil heve kvaliteten på opplæringa både i skule og bedrift. Satsingsområde 2 : *Yrkesretting*, får då prioritet 3.

Styret er samd med resten av utvalet sine forslag til tiltak i kap.6.6.

Med helsing

Tor Solheim  
 Administrativ leiar  
 Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane